# Årsrapport Fogn kyrkje

# 2021




DEN NORSKE KYRKJA
Talgje sokneråd

**Ansvarskomiteen i Fogn kyrkje:**
Medlem og vara: Tora Sandanger, Øyvind Sandanger, Anne Selvåg Sunde, Jostein Østhus, Oddbjørg Maaland, Inger Marie Egeland, Dag Olav Sæbøvåg og Heidi Bø Sangedal. Dag har vore leiar siste del av 2021 og Heidi er møtesekretær.

Komiteen har hatt 4 møter, og har stått for mykje godt arbeid og fleire arrangement på tross av pandemien.

DEN NORSKE KYRKJA
Talgje sokneråd

# Aktivitet i kyrkja gjennom året

- 3 digitale gudstenester (1 heldigital + 2 kombinert med fysiske)
- Overført ei gravferd på Fogn kyrkje si Facebookside
- Ei digital bøn- og lovsangssending
- To sendingar knytta til påskedagane
- Open kyrkje påskedagane
- Påskerebus med påskebodskapet ute langs kyrkjeveggen



DEN NORSKE KYRKJA
Talgje sokneråd

- 12 ordinære gudstenester (inkludert doble julegudstenester og 2 konfirmasjonsgudstenester)
- 2 dåp, 2 gravferder og 1 vigsel
- Friluftsgudstenester i Eidsvåg og på Byre:

Begge friluftsgudstenestene samla mange folk. I Eidsvåg var det og dåp denne søndagen. Friluftsgudstenesten på Byre var historisk, så vidt me veit har det tidlegare bare vore husmøter der. Gudstenesten samla 160 personar og var ein flott opplevelse for alle som var der denne fine sommardagen.





DEN NORSKE KYRKJA
Talgje sokneråd

- Prestar har vore Ola Aasland Vold, Terje Engstrøm, Olav Kristian Tangeland og Tor Egil Eriksen.
- Musikalsk ansvarlege har vore Bjørn Terje Bertelsen, Geir Eskeland, Ole Hodnefjell og Messing.
- 30-års jubileum for kyrkja blei markert på gudstenesten 28. nov.



Det vart feira med marsipankake og helsingar, blant anna frå kyrkjeverje Rune Skagestad og soknerådsleiar Leif Kolnes.

DEN NORSKE KYRKJA
Talgje sokneråd

- Songkveld med Bjørn Terje Bertelsender me samla ein salmebank
- Onsdagsmøte med Alain Fassotte «Å løpe ned fjellet med Gud»
- Lørdagsmøte ved Misjonsbefalingen
- Song- og kulturkveld med Oddgeir Bruaset, Messing og lokale songkrefter





DEN NORSKE KYRKJA
Talgje sokneråd

- Basaren var i år 6. november
  I år gjekk pengene til det nye misjonsprosjektet til Talgje sokn og til oppgradering av kyrkjekjellaren. Inger Lise Hovda Dobbe viste bilete og fortalte frå Misjonsalliansen sitt arbeid i Ecuador. TøfFOGNådig song og ca 120 personar kom. Me fekk  inn 34 200 som blei fordelt likt på dei to prosjekta.





- Temakveld 10. november; «Å sjå kvarandre – korleis møte kvarandre i sårbare situasjoner?» med Jon Olav Runestad, Eivind Vestbø, Øyvind Lundh og Heidi Bø Sangedal
- Me syng jula inn måtte dessverre avlysast dette året grunna auka smitte og strenge reglar for smittevern

DEN NORSKE KYRKJA
Talgje sokneråd

- Barnehage- og skulegudsteneste til jul og samling i forkant av Hausstakkefesten med trusopplærar Reidun Aabrekk Bråtveit





Glade born lærar om Jesus på engasjerande vis med Reidun i spissen.

DEN NORSKE KYRKJA
Talgje sokneråd

- Kyrkjekjellaren blei pryda med ei flott gåve frå Kåre Holm i form av malerier med motiv frå alle kyrkjene i sokna våre og i tillegg andre lokale kyrkjebygg



- Kyrkjekjellaren er også i ferd med å bli oppgradert med både måling og nye møbler. Jobben vil bli utført av ein god dugnadsgjeng☺



- Ein god dugnadsgjeng har også gjort grundig innsats i, på og rundt kyrkja
- Ansvarskomiteen har ein eigen avdeling i rekneskapet til Talgje sokn. (Sjå vedlagt rekneskap.)

DEN NORSKE KYRKJA
Talgje sokneråd

# Faste aktivitetar:

- TøfFOGNådig



Leierar: Kjersti Sandanger, Anne Strøm Østhus og Dag Olav Sæbøvåg.  Det er ca  7 – 10 ungar frå 1. – 7. klasse som deltek. Koret har hatt 10  øvingar. Dei har sunge på basarkveld i kyrkja, basar på bedehuset og på skulegudstenesten før jul.

DEN NORSKE KYRKJA
Talgje sokneråd

- Hobby & tru



Leierar har vore Marianne Skregelid Bø (til og med våren) og  Heidi Bø Sangedal. Me har bibelforteljing og bake – eller hobbyaktivitet.  Dette samlar mellom 5 – 12    barn frå  1. klasse og nedover. Me har hatt 11 samlingar.

- Kveldsmøter
- Konfirmantjubileet gjekk ut dette året
- Frivillige; Fogn kyrkje har ein stor ressursbank av frivillige
- Torsdagscafé

Me har gjennom året hatt åpent i kyrkjekjellaren kl 11 – 14 torsdagar. Her er det kaffi og vafler. Kl 12 har me ei felles samling kor me les ein andakt frå ei bok. Oppe i kyrkjerommet er det anledning til å tenne lys og ha ei stille stund for dei som ønsker dette.



- Kyrkjekaffi, 12 personar som står på ei liste for kyrkjekaffi
- Vaskedugnad, 11 personar bidreg

DEN NORSKE KYRKJA
Talgje sokneråd

- **Tekstlesare,** 7 faste personar rullerar på lesinga, i tillegg til born og konfirmantar
- **PR/markedsføring,** Fogn kyrkje har eiga side på facebook kor me legg ut arrangement.
- **Pynting til høgtider og andre arrangement**



Bjørn Eriksen  har bidratt med sin kreativitet. Dette er me glad for og er det andre som har lyst å ha med blomster til vanlege gudstenester sett me pris på det. Me vil lage ei liste slik at fok kan bli med.

- **Lyd og lys,** Bjørn Runestad er vår mann på dette området og det er fantastisk å ha så god kompetanse lokalt.
- **Filming,** I samband med nedstenging, konfirmasjon og jul har me overført digitale sendingar ved hjelp av kyndige fagfolk som Håvard Østhus, Øyvind Sandanger og Jørgen Bø.

DEN NORSKE KYRKJA
Talgje sokneråd

Tusen takk til alle som gjere teneste i kyrkja. Takk til Talgje sokneråd for inspirasjon  til teneste og aktiviteter i 2021.  Takk til prestar og stab som bidrar til gode gudstenester som gir oss ny kraft og mot til videre teneste. Takk til alle som kjem og saman er med å skape eit godt fellesskap i kyrkja.

Me ser fram til
komande år og ønsker
Guds velsigning over
arbeidet vårt og
folket på Fogn.

DEN NORSKE KYRKJA
Talgje sokneråd